

---

**Emne:** Fleire spørsmål til 15/261, Åkrehamn  
**Til:** Sentralarkivet <postmottak@karmoy.kommune.no>  
**Sendt:** 08.08.2023 15:09:43  
**Fra:** Eli Grindhaug Nes <eli.nes@ombofjord.no>

---

Til Andrè Larsen.

Takk for raskt svar på spørsmål tidlegare i samband med eigedommane våre 15/261 og 15/1648.

Det har skjedd endring i denne saka i det siste, i og med at det no er berre ein av arvingane som vil overta ei tomt. Difor har me desse spørsmåla:

1. Må det søkjast om ny delings- og oppmålingssak når det no er berre ei tomt, heilt i nord, som er ønskt av ein arving?  
Resten er tenkt skal leggjast ut for sal.
2. Me har eit dokument som er kalla: **Søknad om teknisk godkjenning av tiltak Austigard**, datert 14.03.2022, i medhald av sak 21/6234-10, og sendt av Rune Hemnes, RH Oppmåling.  
Me har ikkje sett noko svar frå kommunen på dette. Er dette godkjent av Karmøy kommune, og å sjå på som ein fullgod teknisk plan for området?  
Så langt me kan forstå, er det ikkje tatt omsyn til reguleringsplanen sin vegbreidde og utforming av regulert kommunal veg fram til, og inn på eigdommen 15/1649.
3. At denne vegstubben, som berre skal gå til 2 -3 tomter treng utvidast så mykje, er uforståeleg for oss, men eigenleg ei anna sak. Me treng likevel vita om det er ein godkjent teknisk plan som vist til i punkt 2, elller reguleringsplanen som skal gjelda?
4. Det er og uforståeleg for oss at føremålsgrensa i reguleringsplanen ikkje skal følgja eigedomsgrensa på vestsida av kyrkjegarden. På dei andre 3 sidene av kyrkjegarden går asfalten heilt inntil muren, medan i vest skal det vera ei stripe med føremål bevaring, som først og fremst «bevarer» ugras.

Med helsing

Eli Grindhaug Nes  
Siv Stensland